

# ÅRSRAPPORT 2017 FOR SØR-FRON SOKNERÅD

## Sør-Fron sokneråd (Fellesråd)

Soknerådet har bestått av Egil Tofte, leder, Inger Bakke Jonsen nestleder, Kristin Bratlien, (disse er oppnevnt som AU), Aud Moheim, Rita Lunde, Rannveig Brandstad, Mariann Isumhaugen og Marita Aanekre som faste valgte medlemmer.

Sokneprest Kristinn Olason har i kraft av sitt embete fast plass i soknerådet.

John Arne Fossehagen møter fast som første varamedlem.

Øvrige varamedlemmer er John Ståle Kristiansen, Grethe Gillebo, Aase Beitdokken og John Sigurd Holtesmo. Heidi Rita Midtlin er oppnevnt som Sør-Fron kommunes representant.

Soknerådet har avholdt 7 møter og behandlet 46. saker.

Ett av møtene er avviklet i Espedalen der det i tillegg til møtet også var befaring av kirken og anlegget der.

Av saker som er behandlet nevnes: Budsjett for 2018, avlevering av regnskap for 2016, Prosjekt «Ny oppvarming av kirkebygg- nytt servicebygg kirketjener», avgitt uttale om «Kirken i en ny tid» og «ordning for utpeking av biskoper», prisliste på kirkelige handlinger (for utenbygdsboende) og utleie av kirkene og kapellet, møte med ledelsen i Sør-Fron kommune, offertildeling til eksterne søker, fest for frivillige og juleavslutning for staben og soknerådet.

Sør-Fron sokn oppnevnte soknepresten som sin representant til styringsgruppa for « Hundorp 2021» med kirkevergen som vararepresentant. Organisten vår Kantor Sergey Shulga ble innvilget studiepermisjon en dag i uka over 3 år for å ta en mastergrad i kirkemusikk.

I tillegg har soknerådet hatt som fast post på møtene en idedugnad om soknerådets bidrag til aktivitet, kalt «interesse/arbeid».

Faste poster ellers;

Liste over tekstlesere og kirkeverter, regnskapsrapporter, referatsaker, temasaker, aktivitetskalender for Sør-Fron sokn og godkjenning av protokoller.

Det er behandlet en sak «unntatt offentlighet».

Investeringsplan for ekstraordinært vedlikehold. Ett av tiltakene som brannvarsling for Espedalen fjellkirke er montert og finansiert med eksterne midler.

## Staben

Staben er uendret fra sist år og består av :

Kirkeverge/daglig leder	80%	Kristian Haave
Klokker/sekretær	45%	Synøve Barlund Fladby
Organist	100%	Sergey Shulga
Kirketjener	100%	Stein Olav Myhre
Kirketjener	20%	Arnt Voldbakken

Totalt 3.45 årsverk

Menighetspedagog Ann-Kristin Fauske Mathisen, 40% i Sør-Fron, har Ringebu kirkelige fellesråd som arbeidsgiver. Sokneprest Kristinn Olason er ansatt under biskopen.

Organiseringen med to arbeidsgiverlinjer fungerer svært godt for Sør-Fron sokn sin del

## **Menighetens årsmøte 2017**

Leder i fellesrådet/soknerådet Egil Tofte ønsket velkommen og ledet årsmøtet.

Det var 29 fremmøtte deriblant 6 konfirmanter. Han ga ordet til sokneprest Kristinn Olason som holdt andakt som åpnet med salme 858 « Leid milde ljós.» Dagens tekst for andakten var fra Lukas kap.1 vers 26-38..

Andakten ble avsluttet med salme 820 « Den dag du gav oss, er til ende og mørket faller på ditt bud.»

Etter andakten ble det bevertning servert av Åse Beitdokken og Synøve Barlund Fladby.

Årsmøtet tok for seg årsrapporten, årsregnskapet for 2016 og budsjett for 2017.

Årsrapporten for 2016 ble presentert i tekst og bilder ved staben. Årsregnskapet for 2016 ble presentert av Kristian Haave. Artsregnskapet og balansen. Begge ble tatt til etterretning.

Budsjett for 2017 ble ikke presentert i tall, men noen viktige poster og prinsipper ble presentert.

Egil Tofte supplerte årsrapporten og årsregnskapet fra soknerådets side.

Soknepresten og kirkevergen orienterte om hva som skjer med «Kirken i en ny tid» sett fra deres ståsted utfra de to arbeidsgiverlinjer som er praksis pr dato.

Etter at møtet var offisielt avsluttet, presenterte Staben en del av sitt underholdningsbidrag ved julekaffen i Sør-Fron kommune 2016.

Innslaget ble godt mottatt og det med applaus.

## **KIRKER, KAPELL OG KIRKEGÅRDER**

Lørdag 23. april var det dugnad på Sør-Fron kirkegård med ca. 40 fremmøtte. Diakoniutvalget serverte mat i kapellet etterpå.

Lørdag 31.mai var det dugnad for Espedalen fjellkirke med 15 fremmøtte.

Fra våren 2017 var det full drift for den nye oppvarminga av kirkebyggene. Prosjektet er gjennomført under budsjett og ubrukte lå nemidler til prosjektet blir videreført til ekstraordinært vedlikehold av bygg og anlegg.

Egil Myhre har vært innleid som ekstrahjelp for klypping av gras på kirkegården. Det er gjennomført sikring av gravminner og arbeidet er nesten fullført slik at alle gravminnene blir sikret med to bolter. Arbeidet med å rette opp gravminner er en kontinuerlig prosess som blir utført etter som det er tid for det. Det er svært mange positive tilbakemeldinger om hvordan kirkegården og anleggene blir stelt også siste året.

## **Økonomi**

Regnskapet for 2017 viser et underskudd på kroner 118 779,26.

Årsaken til dette er bl.a. lønnsutviklingen som følge av KA`s tariffrevisjon av 1.mai 2017, status quo for pengetilskuddet fra Sør-Fron kommune 2016 til 2017 og generelle prisøkninger.

Innsparing for energikostnadene som følge av ny oppvarming har ikke fått full effekt da anlegget ikke var fullt i gang før på våren. Det har likevel gitt positiv virkning for energikostnadene.

Ekstraordinære tiltak og vedlikehold behandles av fellesrådet med vedtak, også om finansieringen.

Balansen viser at soknet har kr. 1 322 175,14 totalt på bundne og ubudne disposisjonsfond ved nyttår.

Det vises ellers til vedlagte regnskap for 2017.

## **KYRKJEBLADET**

Kyrkjebladet kom ut med 4 nummer i 2017 og vart trykt i underkant av 1700 eksemplar. Bladet består av 16 eller 20 sider med mye variert innhold.

Redaksjonen vil gjerne ha innspel og stoff frå lesarane. Det kan vera små stykke, dikt, bilder, eller tips om ting som redaksjonen kan skrive om.

Redaksjonen består av: Karl Olsen, Gudveig Rønn og Kristinn Olason

Minste kontingenten var kr.200,00 for bebuarar i Sør-Fron og 250,00 for utanbygds/adressert blad.

## **TRUSOPPLÆRING 0-18 år**

### **Trusopplæringstiltak som har vore gjennomført i 2017 er:**

- Dåpssamtaler
- Krøllegudsteneste med særskild invitasjon til 2-åringar, og utdeling av «Mi kyrkjebok 2»
- Babysang med 8 samlingar vår og haust (ei av samlingane om våren vart lagt til Sørheim)
- Småbarnssang med 4 samlingar vår og haust (haustkurset fortsett våren 2018 – totalt 10 samlingar).
- 3 adventssamlingar for 4-åringar pluss gudsteneste med utdeling av «Mi kyrkjebok 4»
- Skulestartgudsteneste for 6-åringar.
- 3 samlingar for 1.klassingar, og gudsteneste med utdeling av «Mi kyrkjebok 6»
- 1 samling for 3. klassingar og Våronnmesse med song og sång.
- Utdeling av bibel til 5.klassingane. Soknepresten besøkte skulane i etterkant. En 5.klassing fikk deler av Bibelen i punktskrift.
- Konfirmantundervisning med leir i Håkons Hall og ungdomsgudstjeneste

### **Barnehage – kyrkje samarbeid:**

- Menighetspedagogen vart invitert til Liene barnehage for å fortelje om påska, og besøkte 4 avdelingar der.
- Vi inviterte tradisjonen tru til julespel i kyrkja i desember. Både barnehagen på Harpefoss og Liene deltok (dei eldste i kvar barnehage hadde roller i spelet). Menighetspedagogen vart også invitert til Liene barnehage for å fortelje juleevangeliet for dei andre borna der (tre avdelingar).

### **Skule – kyrkje samarbeid:**

- Soknepresten vitjar 5.trinn på barneskulane i etterkant av utdeling av biblar i kyrkja.
- Skulegudsteneste før jul med barneskulane.
- Besøk av skuleklasse med omvisning i kyrkja.

### **Plan for trusopplæring i Sør-Fron:**

Mange har gjort ein stor innsats i arbeidet med Plan for trusopplæring i Sør-Fron. Biskopens endelege godkjenning av Planen kom i mai 2017, og vart så endeleg vedteke i soknerådet. Planen er eit omfattande dokument på nærmere 50 sider, og inneholder tiltak og planar for kvart årstrinn frå 0-18 år. Planen er eit arbeidsreiskap som skal evaluerast årleg, og justerast etter behov. Framleis er det eit stort gap mellom planlagte tiltak og det vi per i dag klarer å gjennomføre. Like fullt er vi nøgde med det som har skjedd i 2017, og rettar ein stor takk til friviljuge, foreldre og andre som gjer det mogleg å drive dette arbeidet. Barna og dei unge er ein stor ressurs som sjølve bidreg og skapar tiltaka dei er med på saman med dei vaksne. «Gud gir, vi deler!» (Overskrifta på Plan for trusopplæring i Den norske kyrkje)

## **KONFIRMANTUNDERVISNING**

Soknepresten har hatt undervisning og konfirmasjon med 43 ungdomar, våren 2017.

Konfirmantane var flinke til å ta oppgåver i gudstenestene og hadde ei positiv innstilling til det som skulle gjerast. I februar deltok dei på konfirmantweekend i Haakons hall. Det kan vera utfordrande for enkelte å bu så tett saman med så mange, men det er eit fint og mektig opplegg.

Ungdomsgudstenesta i mars var ei stor oppleveling. Konfirmantane tok på seg oppgåver i gudstenesta med tekstlesing, bøner, preike, musikk, kyrkjeverter og medhjelparar for kyrkjetenaren.

Under fasteaksjonen gjorde alle ein fin innsats med å gå frå dør til dør og dei fekk samla inn kr. 34.907.

Etter samtalegudstenesta i mai var konfirmantar og foreldre samla i kapellet med pølsegrilling, is, brus kaffe og kaker.

32 nye konfirmantar skreiv seg inn frå hausten 2017. Enda ein fin flokk ungdomar. Dei gjorde ein fin innsats på lysmessa i desember.

## GUDSTENESTER OG KYRKJELEGE HANDLINGER

Ifølge vedtak frå biskopen skal Sør-Fron sokn ha 65 gudstenester på søn-og heilagdagar. Desse er fordelt på Sør-Fron kyrkje, Espedalen fjellkirke, Sørheim omsorgssenter, Tofte skule, Øvertun grändahus, Harpefoss grändahus og setermesser. I tillegg har vi skule- og barnehagegudstenester, pilegrimsgudstenester, høgstdagsbønn og andakter på torsdagstraffen på Sørheim.

- Grendemesser og påskegudstenestene følgde same mal som året før med ei gudsteneste i kvar grend og ei på dei raude dagane i påska.
- Vi er glad for at arrangement 1. og 17. mai held på tradisjonen med å ha kyrkja og gudsteneste som ein naturleg del av programmet.
- Settermessa i juni var på Østkjølen på setra hos Aud og Knut Moheim. Vi dølar set alltid pris på ein tur til fjells, og når ramma er slik vi opplevde det denne dagen er det stort. Sidan det er dårlig med straum så langt til fjells, hadde kantoren bytta ut orgelet med fiolin, medan soknepresten formidla velvalde ord om «Det store gjestebodet». Takk til familien Moheim for ein fin dag og lang kaffestund før regnet kom....
- Den 6. august kom regnet for fullt. Da var det fjellmesse i tunet på Solbraasetra. Å leggje settermessa til denne søndagen er for å knyte kyrkja si verksemeld opp mot Peer Gyntdagene på Borgen, slik det er en tradisjon for på Kvamsfjellet helga etter. Det var prest Johannes Fjellseth fra Toten som var liturg på denne gudstjenesta. Fjellseth har vore aktør, bl.a. som presten i teateret Peer Gynt ved Gålåvatnet. Dagens tekst var henta fra Matt 11, 21-30. På ein mesterleg måte knytte presten teksta, Peer Gynt, og raudosten saman. Ca. 30 personer overvar gudstjenesten, trass i regnværet. Etter gudstjenesten kunne vi kjøpe vaffel og kaffe, det smakte fortreffelig. Takk til vertskapet Per Oluf, Anne, og Randi Solbraa for gjestfrihet og en triveleg dag. Mange gjekk vidare til Morgenstemning i amfiet ved Borgen.
- Hausttakkefest og jubileum for 50 årskonfirmantane 17. september var ein fin dag med vakkert pynta kyrkje utført av Sør-Fron sanitetsforening. 50 års-konfirmantane hadde samling på Dale-Gudbrand's gard etterpå medan vi andre var samla i kapellet til kaffe og mye godt..
- Den fyrste helga i oktober vart det egentleg «full kræsj». Å love bort kyrkja til konsertverksemeld heile helga og samtidig legge inn vigsel laurdagen var ikkje smart, men det løyste seg etter kvart. Gudbrandsdal musikkfest la bryllupet inn i sitt program og stilte med musikkinnslag v. Arve Tellefsen og Øystein Rudi m. fl. under seremonien så det vart veldig fint trass i mye stress og spenning for kyrkjetenaren.
- Allehelgensdag hadde vi lystenning og opplesing av 44 namn. Emma Wassrud og Sør-Fron sangkor deltok. Diakoniutvalget hadde servering til eit fullsett kapell etter gudstenesta.
- Julegudstenestene er alltid trivelege med ca. 360 store og små i kyrkja julekvelden. God stemning med juletregang, og solosang v. Ragnhild Bråna. Juledagen stiller Hundorp musikklag alltid opp og spelar dei kjære julesongane før og ved avslutninga av gudstenesta. Her var ca. 60 personar saman med oss. Midnattsmessa nyttårskvelden har vore vurdert og mange stader kutta ut eller endra tidspunkt. Vi har trass i lågt besøkstal vald å halde på den..

Takk til tekstlesarar, kyrkjelever kaffekokere og andre trufaste medarbeidere ved gudstenestene.

## ESPEDALEN FJELLKIRKE

I Espedalen fjellkirke har vi hatt 10 gudstjenester, ein julefest, tre vigsler, to bisettelser med urnenedsetting og ei urnenedsetting utanom. Vår kjære tekstleser og trufaste medarbeider gjennom mange år, Marta Megrund, gjekk bort i ein alder av 102 år og det var ei fullsett fjellkyrkje som tok farvel med ho 2. juni.

Det er alltid godt å kome til Espedalen og trufaste damer der stiller alltid opp med kyrkjekaffe. Gudstenestene i Espedalen hadde eit besøkstal på 19 i snitt. Julefesten samler mange, 65 små og store møtte opp. Dugnad ved fjellkirka var lørdag 31. mai med 15 frammøtte.

I 2017 er det montert eit lenge etterlengta brannvarslingsanlegg i fjellkirka. Det er finansiert ved tilskudd fra Sør-Fron kommune og KNIF forsikring. Kyrkjetenaren får da varsling om noko skulle skje.

## **DIAKONI OG OPEN KYRKJE**

Samansetninga i diakoniutvalget er uendra frå året før. Det har vore 9 samlingar med høgstdagsbøn i 2017. Utanom den faste delen med andakt, musikk, kaffe og vaffel har det vore forskjellige innslag. Opplesning v. Martha Iversen og Ruth Molvik, sang v. Bjørg og Magne, Strandklang og Godlåten, Bilder og interessant skildring fra Nepal v. Kåre Glosli.

Diakoniutvalget har elles hatt servering på skjærtorsdag, rakedag og allehelgensdag.

Sør-Fron kyrkje var open for turistar frå 26. juni til 19. august kl. 10 – 15. At E6 ikkje lenger går gjennom Hundorp merka vi litt på besøkstalet, men antalet pilegrimar er aukande så vi hadde bortimot 1000 besøkjande desse vekene. Soknepresten hadde andakt og gudsteneste med pilegrimar på vandring.

Frivilligfesten for 2017 vart flytta til over nyttår 2018.

### **Menighetsturen 2017.**

Reiseruta denne gongen gjekk til Dovrefjell og Folldal. Ringebu bilruter med sjåfør Bjørn Hagejordet og 40 turglade frå Sør-Fron følgde nyvegen nordover gjennom Teikamptunnelen og hadde fyrste stopp på Hageseter hos Guri og Henry Ruste. Maten betyr mye når vi er på tur og her vart vi godt trakte.

Eysteinkyrkja er vel verd eit besøk og kyrkjetenar Ola Rindal tok oss engasjert med på historia for dette fine, arkitektoniske landemerket på Dovrefjell.

Sokneprest Kristinn Olason leia oss så gjennom ei høgstdagsbøn der dagens tekst var henta frå Matteus 28 med tema «Treeininga»

Vi reiste vidare mot Folldal kyrkje. Endeleg skulle vi få sjå altertavla frå Listadkyrkja, som tok vegen over fjellet til Folldal. Det var ei stor oppleveling for turfølget å sjå dette praktverket.

Vegen vidare gjekk over Ringebufjellet til Spidsbergseter hotell og eit rikhaldig koldtbord med mye godt. Som før nevnt: Maten betyr mye på tur i tillegg til blide fjes og fornøgde turistar.

## **MUSIKK I SØR-FRON KYRKJE 2017**

I perioden fra 28.mars til 7.mai ble det arrangert korkonsertserie «**Primo Vere**».

28.mars – Norsk Et Lite Kor, Sør-Fron Sangkor Vingrom Sangkor.

06.April – Vox Vaala, Rondane Gospelkor, Tretten Sangkor.

23.April – Ad Cantus, Lesja og Lesjaskog sangkor, Lomsklangen og Vågå Sangkor.

07.Mai – Ringebu Sangkor, Lillehammer Seniorkor, Mannskoret Klang, Bare Damer

Til sammen ble det 14 kor på 4 konserter. Vi serverte kaffe med kringler i kapellet til utøverne etterpå. Det var mange flinke bakere blant korister som tok med seg kaker også.

Tilsammen var det over 300 korister fra hele Gudbrandsdalen, alle konsertene var godt besøkt og har blitt til en fin tradisjon siden 2012.

Alle konsertene var gratis, med en frivillig gave ved utgangen.

I perioden fra 28.juni til 18.august foregikk det 10 **Pilegrimskonserter**:

Åpningskonsert den 28.juni - Øyvind Sund med visekonsert

05. juli Eline Holsbrekken Skar, Sang og gitar

12. juli Paul Wilmot med orgelkonsert

19. juli Andreas Vangen Andersen, Gitar

26. juli Simen Iverstuen Blekastad, elev ved VVS med orgelkonsert

29. juli Olsok Sergey Shulga menighetens kantor med orgelkonsert

02. august Justin Surdin (USA) og Vegard Moshagen, trompet med piano akk.

09. august Filip og Gia Gade, orgel, fiolin og sang

16. august Midt-Gudbrandsdal kvartet, kammermusikk

## Avslutningskonsert – 18.august med gjestekor fra Schwoich (Østerrike)

Alle konsertene var gratis med eventuell gave ved utgangen.

7. august hadde Per Gynt stemnet sin årlige kirkekonsert, medvirkende var Dag Arnesen Trio og Charlotte Frogner.

18.september hadde vi konsert med SONAVI, et improviserende vokalensemble med vokalister tilknyttet jazzlinja i Trondheim.

7.oktober var holdt musikkfestbryllup med Arve Tellefsen, Kjetil Bjerkestrand, Øystein Rudi, Jo Asgeir Lie, Kristine Sletten Hansen. Bryllup var åpent for publikum og det var mange som kom for å høre på musikk og se på bryllupet.

7.oktober, samme dag på kveldstid ble det arrangert kveldskonsert av Gudbrandsdal Musikkfest (ny musikkfestival tilbud) med Arve Tellefsen, Kjetil Bjerkestrand, Ann-Helen Moen, Live Maria Roggen, Trondheimsolistene, Mons Michael Thommessen, Per Anders Håvelsrød, Vegard Moshagen, Magnus Bakken og Kvarts som deltakere.

26. November Brøttum Brass holdte julekonsert sammen med Gaute Lein Ausrød som solist.

29.november Vinstra Videregående sin årlige konsert. Det er alltid en stor opplevelse å se og høre disse unge gode utøverne.

02.desember ny konsert med navn Innunder Jul, konserten var gitt i støtte til Kreftforeningen.

17. desember var det duket for Bygdas egen julekonsert med mange lokale deltagere. Konserten ble satt opp med god hjelp av Marita Aanekre og Liv Bjerke.

## LITT FRÅ ÅRSSTATISTIKKEN 2017

	2016	2017	Merknad
Innmeldinger	5	2	
Utmeldinger	15	2	
Dåpshandlinger	26	29	17 busett i soknet
Konfirmasjon	31	43	
Vigsler	8	10	
Gravferd	45	44	41 med seremoni i Sør-Fron
Antal gudstenester	65	64	
Høgstdagsbøn	7	9	
Andakter	8	9	
Deltakere på gudstenester	5.206	4869	Gj.snitt 76
Deltakere til nattverd	527	352	Gj.snitt 17
Offer til egen virksomhet	63.492	65791	
Offer til andre	16.110	19952	
Fasteaksjon	32.450	34907	
Offer/ innsamling totalt	112.052	120650	

Takk til alle frivillige medhjelgere i 2017!

Soknerådet.